



Til UNECOS mellomstatlege komitè

TA VARE PÅ SETERKULTUREN

Fjellnettverket støttar nominasjonen om seterkultur inn på Unescos representative liste over menneskeheitas immaterielle kulturarv.

Fjellnettverket er eit politisk nettverk for kommunar, regionråd og fylkeskommunar i Sør-Noreg. Vi arbeider for å sette viktige tema for fjellområda på dagsorden og for å skape livskraftige bygder

Seterdrift er viktig for fjellbygdene og ein sentral del av kulturarven i fjellbygdene som det er verdt å ta vare på. For å ta vare på mattradisjonar, kompetanse, bygningar, landskap og historia knytt til støslivet, trengs det setre i drift. Fjellnettverket er uroa over at talet på setre no er om lag 900 og arbeider for ein landbrukspolitikk som aukar bruken av utmarka og sikrar stølsdrift i framtida.

Rådsmøtet er Fjellnettverket sitt høgste organ og medlemmene i Fjellnettverket oppmodar UNESCOs mellomstatlege komitè å ta seterkultur inn på UNESCO si liste over menneskeheitas immaterielle kulturarv.

Rådsmøtet i Fjellnettverket.